



Meland Kommune - Laila Bjørge

Dato: 22.04.2015

Vår ref.: 2015/4098-2

Saksbehandlar: monsera

Dykkar ref.: 15/428 – 15/7412

Fråsegn kulturminne - førespurnad om kulturminne i samband med oppattgrøfting av jordbruksareal på GBNR 51/10

Vi viser til brev datert 14.04.2015 med førespurnad om kulturminne i samband med ovanfor nemnde sak. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet sokjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik granskning vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Monika Cecilia Serafinska
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.